

Me avvikla distriktpolitikken og såg ikkje motstanden kome.

Kjensla av ran



Bjørn Egil Flø

MED ANDRE ORD

Svært få har sett føre seg at dette skulle kome. Med få unntak har korkje samfunnsforskarane eller kommentatorane – dei som liksom skal vere betalt for nettopp å sjå slikt – evna å sjå føre seg at moderniseringa av Noreg, skulle verte møtt med slik ei motstand.

For det er det motstanda handlar om, eller rettare; den handlar om dei konkrete resultatane som følger moderniseringa og ikkje minst den økologiske moderniseringa.

Det handlar ikkje om identitetspolitikk eller representasjonar, det handlar ikkje om at eit nedlagt fiskemottak – eller for den del ulven – «representerer» eitt eller anna abstrakt. Nei; det handlar om at folk mistar levebrødet sitt; det handlar om at ulven drep. Det handlar om ei aktiv nedbygging av distriktpolitiske verkemiddel til fordel for ein ny-liberal politisk filosofi, der staten fråskriv seg ansvaret for distriktsutviklinga og overlèt det til bygdefolket sjølve å fikse. Og når alt ser ut til å gå til helvete kjem det eit knippe dresskledde kontorfolk i pumps og spissesko og seier at «her er det bare så pent, dere må satse på å få opp noen reiselivsprosjekt».

Jau da, det tok også lang tid før eg såg det. Frå då eg starta å arbeide som bygdesosiolog i 1998 til godt innpå 2000-talet var eg like blind for dette som alle andre. Samvitsfullt gjorde eg jobben eg var sett til. Heilt i tråd med utlysinga i Forskningsrådet sine program jobba eg aktivt for å gentrifisere Bygde-Noreg i tråd med det offisielle Noreg sin draum om å gjere grendene om til rekreative rurale koloniar for den jamt veksande urbane middelklassen.

Men gradvis starta eg sjå det. Mest fordi folk starta syne meg det. Eg møtte bygdefolk i kvardagen, eg møtte dei der dei kjenner seg heime og dei tala fritt og synte meg det dei ser. Dei synte meg lokalsamfunna deira, grendene og tettstadane der dei bur. Dei synte meg dei lange gardsvegane og hamnene med dei uryddige innseglingane. Dei synte meg at det gror mot større skilnadar mellom by og bygd.

«**Det starta på åttitalet**», fortel dei meg. «Det starta med dei nye og glatte politikartypene, dei med



MANGE SLAG: Sentraliseringsmotstanden tek fleire former, her ei markering for «føden» i Trondheim 1. mai. FOTO: FRIDA HOLSTEN GULLESTAD

FAKTA

Sentraliseringspolitikk:

- I dag arrangerer Norges Bondelag, KS og Eid kommune saman debattmøtet «By og land, mann mot mann» under Arendalsuka.
- Bjørn Egil Flø meiner me må sjå dagens folkeopprør mot vindkraft, bomstasjonar og nedlegging av fødestuer i samband med større nedbyggingsplaner over lang tid.
- Flø er utdanna sosiolog og har lang fartstid som forskar på bygdekultur, landbruks- og distriktpolitikk. Han er ansatt ved Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO).

skulderpute og håkkisveis». Og historikarane støttar dei i det. Berge Furre kalla desse åra for «marknadens år», då gjekk me frå ein distriktpolitikk der staten tok ansvaret for bygdeutviklinga til ei individualisering av ansvaret for grendenes suksess. Me gjekk frå ein moralsk forankra distriktpolitikk til ein ny-liberalistisk distriktpolitikk prega av ei naiv tru på den frie marknaden, privatisering, skattereduksjon og reduksjon av offentlege utgifter.

I 1992 fekk me også ei stortingsmelding som – i følge professor Håvard Teigen – avvikla den særnorske distriktpolitikken. Næringspolitikken vart gradvis inngjerda av EØS-avtala. Og dei klassiske næringspolitiske verkemiddel vart mykje godt fjerna.

Globaliseringa gjorde seg stadig meir gjeldande for store delar av næringslivet, særleg i distrikta. Men det offisielle Noreg såg det ikkje. Frå det haldet vart det berre kravd enno meir. Det skulle reformerast i alle leirar, det skulle avbyråkratiserast og effektiviserast, og i tillegg ville dei pinadø ha tak i ressursane som ligg til grendene også. «Det trengst i kampen mot klimaendringane», seier dei. Men bygdefolket ser ikkje anna enn at det berre handlar om dei same gamle greiene, det handlar om å maksimere profitt for dei få framfor dei mange.

Dei har slutta tru på oss, for me er ikkje tillita verdige. Me har aldri brydd oss. Me har portrettert bygdefolket som akterutsegla – som dei som blei igjen – som dei

«Gradvis starta eg sjå det. Mest fordi folk starta syne meg det»

som aldri evna å kome seg ut, dei som aldri kom seg til byen. Dei er ikkje berre middelmåtige, men dei er nostalgiske, nasjonalromantiske, ja til og med nasjonalistiske.

Medan me...? Ja, me er fri frå nostalgi, me er internasjonalar. Me er egalitære og meritokra-

tiske, me meiner me har fortennt den maktposisjonen me har gjennom vår eigen intelligens og fornuft. Me er ikkje følelsemenneskjer, anna enn når me flanerar omkring på kunstvernissasje.

Me er travelt opptatt av å leve våre raske liv. Derfor stengjer me ned sjukehus og fødestover, derfor stengjer me dei lokale politikontora og kallar det nærpolitireform, derfor overlèt me postomberinga til haltande fyrstegenerasjon GSM-nettverk og meiner det må vere godt nok å pakke.

Me er rotlause sosial-liberale verdsborgarar og me trur det er det rette å vere.

Den som ikkje set motstanda mot vindkraftverk, gruvedrift, bomstasjonar og auka drivstoffavgifter, saman med motstanda mot kvotebaroniet i fiskeriet, sentraliseringa av jordbruksproduksjonen og nedlegginga av fødestuer, nærpolitireformen og kommunesamanslåinga og framveksten av jamt glattare politikartypar, gjer berre det far min brukte kalle «halve jobben».

Å tru at det handlar om klimaforneking eller nedbygging av natur, er i beste fall naivt. Men det handlar også om det; det handlar om nedbygging av deira sin natur og om avvising av makteliten sine «sanningar».

Det handlar om undertrykking og om ei kjensle av ran.

Bjørn Egil Flø,
forsker ved Nibio
bjorn.flo@nibio.no

KLASSEKAMPEN I ARENDAL